

## **Veto mot postdirektivet**

**Nei til EU set pris på at statsråd Liv Signe Navarsete har talt "Roma midt imot" når det gjeld Postdirektivet. No forventar vi at handling følgjer ord. Konsekvensane direktivet får for posttenestene, næringsliv og lokalsamfunna i Noreg må bli utreda og vurdert opp mot konsekvensane av å bruke reservasjonsretten.**

Postdirektivet liberaliserer siste rest av postmarknaden i EU frå 01.01.2011. Nokre få land får utsatt frist til 2013. Det blir fri konkurranse også på lukka brev med vekt under 50g, som nasjonale postselskap i dag har einerett til å distribuere. Den einaste reelle skilnaden i forhold til tidligare versjonar av direktivet er at tidspunktet er utsatt 2-4 år.

### **Ulike og svekka posttenester pga EØS**

Postdirektivet vil gjelde for Noreg og gi store samfunnsmessige konsekvensar som:

- Ulik porto mellom landsdelane: Billigare porto på Austlandet og mykje dyrare til/frå Nord- og Vest-Noreg.
- Ulike mål for service og kvalitet på posttjenestene: Distrikta blir negativt ramma, noko som svekkar grunnlag for næringsliv, arbeidsplassar og busetting.
- I EU er det 5 dagars omdeling i veka, medan Noreg fortsatt har 6 dagars omdeling.

### **Fagleg kamp mot sosial dumping**

Store internasjonale post- og logistikkelskap angrip nasjonale postmarkadar allereie. Nederlandske TNT og Deutsche Post konkurrerar i heimlanda hos kvarandre gjennom dotterselskap med uorganisert arbeidskraft og utan tariffavtale, pensjonsordning eller ferielønn. Lønsnivået er under halvparten eller tredjeparten av det vanlege posttilsette tener. Fri konkurranse i postsektoren gir sosial dumping og svekker dei faglege rettane akkurat som Tenestedirektivet. Den faglege internasjonale UNI representerer fagrørsla i postsektoren, og held fram kampen mot Postdirektivet begrunna med at det ikkje hjelper å utsette dei negative verknadane nokre få år. I USA har fagrørsla klart å hindre liberalisering av postmarknaden.

**Nei til EU krev at Noreg reserverer seg mot Postdirektivet.**